

Rogaland landbrukselskap
Postboks 59
4001 Stavanger

12. oktober 2022

Kommunen ved ordførar og landbrukskontor

LANDBRUKET I ROGALAND SIN HEIDERSPRIS 2022

Rogaland landbrukselskap deler årleg ut ein heiderspris. Denne skal gå til ein eller fleire med yrket sitt i landbruket. Fortrinnvis aktive bønder som siste år, eller i ein periode har gjort ein positiv innsats ut over det ein normalt kan forvente. For 2021 vart prisen tildelt Anne Frøyland Grødem og Tor Bjarte Grødem frå Time kommune.

Vi oppmodar med dette din organisasjon til å kome med framlegg til kandidat. Styret i Rogaland landbrukselskap avgjer kven som skal tildelast prisen.

Frist for å senda inn forslag med ei kort grunngjeving er: 12.desember 2022. Desse skal sendast Rogaland landbrukselskap, postboks 59, 4001 Stavanger eller til Geir Skadberg på e-post fmrogsk@statsforvalteren.no.

Ved vurdering av kven som bør få Landbruket i Rogaland sin heiderspris skal det leggjast vekt på at vedkomande utan personleg vinning har gjort ein ekstra innsats innanfor eit eller fleire av kriteria nedanfor.

- Har profilert landbruket på ein positiv måte mot resten av samfunnet.
- Har fremma positive idear for vidareutvikling av bygdene i Rogaland.
- Har vore ei drivkraft i utvikling av ei levedyktig bygd og/eller eit grannelag.
- Er eit føredøme i arbeidet for vidareutvikling av kulturlandskapet.
- Har profilert og i praksis gjennomført si jordbruksdrift med høg miljøstandard og fokus på etikk i fjøs og/eller gris-/fjørfehus.
- Har hjelpt ein yrkesbror eller –søster gjennom ein vanskeleg periode.
- Utviklar nye produkt eller tenester som kan gjere landbruket meir robust.

Heidersprisen består av Rogaland landbrukselskap sin diplom og eit spesielt kunstverk.

Med helsing

Geir Skadberg
styreleiar for Rogaland landbrukselskap
landbruksdirektør

Vedlegg:
Skjema for forslag til kandidat

FORSLAG TIL KANDIDAT

Namn: _____ Adresse: _____

Kort grunngjeving:

Forslagsstillar:
